

Årsmelding Volda rideklubb 2023



Styret i 2023 bestod av:

Leiar: Edle Holmin

Nestleiar: Åse Sætrevik

Kasserer: Linn Wangen Mork

Sekretær: Ida Kristine Standal Eikrem

Styremedlem: Liv Jorunn Nyhagen

Styremedlem: Anna Wangen Mork

Varamedlem: Marit Haugen Greve

Ungdomsrepresentant: Lilly Sofie Sætre Humberstet

Det vart gjennomført 11 styremøter i løpet av 2023. I tillegg har vi hatt ei aktivitetsgruppe.

Aktivitetsgruppa

- Liv Jorunn Nyhagen
- Toril Sørheim
- Åse Sætrevik
- Maria Slettebakk
- Marit Haugen Greve
- Anna Aasen
- Pernille Viddal Støbakk

Treningar og stemne



Vi har hatt jamnleg køyre- og ridekurs for Gunnar Bruland, og treningshelgar for Maria Hagen, Wenche Johannesen og Trude Vaslestad. Vi har også hatt klubbtreningar for Anja Grønnevik Kirketeig, Marita Melheim, Liv Jorunn Nyhagen og Ida Kristine Standal Eikrem. På hausten arrangerte vi klikkertreningskurs for første gang med Sofie Polmar. Klubben arrangerte også feltrittskurs for Julianne Devold sommaren 2023, og eit webinar med førveiledar Henriette Sande på hausten.



I løpet av 2023 har vi hatt to klubbstemner i sprang og to D-stemner i dressur (med innlagde klubbklasser), i tillegg til ei programtrening. Klubben sine medlemmar har også representert VRK på stemner fleire stader, mellom anna på Fjordhest NM i Trøndelag og på cupstemner i Sogn og Fjordane og KM dressur.

Meisterskapsresultat



Fjordhest NM: Liv Jorunn Nyhagen/Soltuns Trym og Oda M. R. Frogner/Rognstads Skare representerte VRK under Fjordhest NM i Trondheim. Liv Jorunn og Trym vart der kåra til Noregsmeistrar i Senior-klassen. Skare kom på 3.-plass i Beste Unge Fjordhest 6 år.



KM dressur på Breim: VRK lag 1, som bestod av Anna W. Mork/Bakkens Odin, Karin H. Vatnehol/Sjugards Fjelltyra og Liv Jorunn Nyhagen/Soltuns Trym tok gull i lagkonkurransen. VRK stilte med to lag under KM, og på lag 2 deltok Anna Aasen/Heggenes Line og Oda M. R. Frogner/Rognstad Skare. Dei kom på 7.-plass.



Anna W. Mork/Bakkens Odin deltok i KM Junior/Ungrytter individuelt og fekk bronse. Oda M. R. Frogner deltok i KM senior individuelt, der ho og Skare kom på 4.- plass.

Rekruttering



Rideklubben hadde 144 medlemmar i 2023. 59 av medlemmane var under 16 år. 23 personar betalte anleggsleige i 2023. Vi arrangerte juniorrideleir støtta av Sparebanken Vest på hausten. Vi har også tilbydd nokre ridekurs, rideturar og stall- og stallekurs for juniormedlemmane. I desember hadde vi juleavslutning for juniormedlemmane i hallen.

Andre aktivitetar



Bruktmarked: Vi arrangerte bruktmarked i ridehallen 2 gonger i år. Det var stor suksess med mange som solgte brukt hesteutstyr ut av bilane sine.

17. mai: På 17. mai gjekk vi fremst i toget der fjordingen Pokemann og Liv Jorunn Nyhagen stilte med vogn. Nokre klubbmedlemmar gjekk ilag med fana lenger bak i toget.

Strandrydding: Vi hadde også ein ryddedugnad støtta av Runde Miljøsender og Sunnmøre Friluftsråd der vi rydda for rusk og rask rundt Rotevatnet i tillegg til området rundt Burger King og Rema 1000.

Ridehallen og klubbstallen



Vi fekk støtte med NRYF frå krafttakmidler slik at vi kunne investere i eit vatningsanlegg i ridehallen. Det var veldig etterlengta å få på plass, og det vil spare oss for mykje dugnadsarbeid. Vi fekk testa det litt før frosten kom, og det fungerte fint å sette vatninga på tidsstyring.

Alle dei ti boksane har vore utleigde på fast basis gjennom heile året, og vi har også hatt inn ekstra leigetakarar i kortare periodar, som til dømes i beitesesongen. Vi fekk støtte med vår hovudsponsor til brannvarslingsanlegg som vi fekk montert opp i stallen i løpet av våren.

Dugnader



Vi har fått måla det gamle kiosket og det gamle toalettet i år. Horving/vatning i hallen vart gjort på jamnleg basis på dugnad. Vi har også hatt ulike salsdugnader i 2023, med to kakesal og sal av tennbrikettar.

Sponsorar



Sparebanken Møre er framleis vår hovudsponsor, og har også gitt støtte til gjestebokser. Vi har vidareført sponsoravtalar med skilt i ridehallen med Tussa Kraft, Mulvik AS, Norwegian Group, Rosetter.no, Humberst Maskin og Holen Sand og Grustak og Retura Søre Sunnmøre. Volda Maskin har sponsa oss og hatt logo på nettsida vår i tillegg til Retura Søre Sunnmøre.

Klubben har elles fått gåvemidlar av ulikt slag, og styret har vore aktive i å søkje støtte hos ulike fond, stiftingar og bankar. Vi har fått støtte mellom anna til å arrangere rideleirar for juniormedlemmar, innkjøp av vatningsanlegg og oppsett av gjestebokser. Det vart endeleg vår tur i år for støtte med Gjelstenstipendet, der vi fekk støtte til gjestebokser.